

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Utbetalingsbrev hausten 2018 - Vidareutdanning for lærarar - vikarordning og studieavgift

Statsbudsjettet for 2018 vart vedteke av Stortinget i desember 2017. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2017 – 2018) og Prop. 1 S (2017 – 2018) for Kunnskapsdepartementet. Det blir også vist til informasjon om midlar til vidareutdanning for lærarar i 2018, til skoleeigaren (kommunar, fylkeskommunar og private og statlege skolar) 1. februar 2018.

Utbetaling av vikarmidlar og ev. studieavgifter for hausten 2018 er basert på:

- Skoleeigarens søknad om vidareutdanning for lærarar studieåret 2018/2019 i søknads- og oppfølgingssystemet.
- Direktoratets behandling av søknadene som vart offentleggjort 23.04.2018
- Skoleeigarens stadfestingar i søknads- og oppfølgingssystemet på at lærarane er tekne opp til studiet dei har søkt på, og takkar ja til å delta i vikarordninga.

Oversikt over lærarane som har fått tilbod om vidareutdanning, finn de på TAVLA: *

<http://www.udir.no/verktoy/tavla/> og i søknads- og oppfølgingssystemet på <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Vidareutdanning for lærarar 2018».

- Vikarmidlane og eventuelle studieavgifter er berekna ut frå opplysningar per 29.11.2018.
- Deltakarar som har trekt seg etter studiestart har fått avkorta vikarmidlar i tråd med kva for månad dei er registrerte som trekte i søknads- og oppfølgingssystemet.

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Lindås kommune til kontonummer 32010589311:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Vikarordning	1416000,00	Jul-Des	—	1 416 000,00
Totalt:	1416000,00			1 416 000,00

Utbetalinga er merkt "Vidareutdanning for lærarar - vikarordning og studieavgift". Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

Vilkår for utbetaling

Vi minner om at tildelinga føreset at skoleeigaren oppfyller dei sentrale vilkåra knytte til Kompetanse for kvalitet. Det vil seie at lærarane det gjeld, tek vidareutdanning slik det er oppgitt i søknads- og oppfølgingssystemet, og blir frigjorde frå ordinære arbeidsoppgåver tilsvarande 37,5 % av full stilling dersom ein skal ta 30 studiepoeng over eitt år. Dersom talet på studiepoeng avvik frå 30, skal tida læraren blir frigjort, justerast tilsvarande. Skoleeigaren skal dekkje ev. resterande vikarkostnader ut over støttebeløpet frå staten, og kostnader knytte til reise, opphald og læremiddel, mv. Det er ikkje tillate å avvike frå dei sentrale vilkåra.

Andre vilkår

Utbetaling for våren 2019 føreset at skoleeigaren stadfestar at læraren fortset studia i vårsemesteret.

Dette skal skje i søknads- og oppfølgingssystemet i perioden **1. februar til 15. mars 2019**.

Mottakaren har plikt til å melde frå med ein gong til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2018.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Lindås kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <http://udir.no/videreutdanning>

Med helsing

Anne Magdalena Solbu Kleiven
avdelingsdirektør

Mathias Myhrvold-Hanssen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.